

Forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom laksefisk og om nedsenking av garn i Vestland fylke

Innhald

| | |
|---|---|
| Forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom laksefisk og om nedsenking av garn i Vestland fylke | 1 |
| § 1. Føremål..... | 1 |
| § 2. Verkeområde | 1 |
| § 3. Fiske i 100 metersona utanfor vassdrag med anadrom laksefisk | 1 |
| § 4. Fiske i munningsfredingssoner utanfor 100-metersona | 2 |
| § 5. Forbod mot alt fiske i Bolstadstraumen i Voss herad..... | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| § 6. Fiske utanfor kraftverksutløp | 3 |
| § 7. Nedsenking av garn utanfor munningsfredingssonene..... | 3 |
| § 8. Dispensasjon..... | 3 |
| § 9. Stopp i fiske | 3 |
| § 10. Handheving og straff | 3 |
| § 11. Iverksetting..... | 3 |
| Vedlegg: Munningsfredingssoner utanfor 100 metersona for vassdrag i Vestland fylke | Feil! Bokmerke er ikke definert. |

Fastsett av Statsforvaltaren i Vestland **xxxxxxx** med heimel i lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk mv. (lakse- og innlandsfisklova) § 40 og § 41 jf. delegeringsvedtak 27. november 1992 nr. 864, og forskrift 20. juni 2003 nr. 737 om nedsenking av garnreiskap § 2.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å gje anadrome laksefisk (laks/sjøaure) naudsynt vern mot risiko for overfiske i sjø i Vestland fylke.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld alt fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk, krepsdyr og blautdyr (heretter kalla saltvassfisk) utanfor vassdrag med anadrome laksefisk, og i nærare definerte område i sjøen i Vestland fylke.

Denne forskrifta kjem i tillegg til gjeldande reglar i nasjonale fiskeforskrifter (reiskap, fisketid m.m.).

§ 3. Fiske i 100 metersona utanfor vassdrag med anadrom laksefisk

Utanfor alle vassdrag med årssikker vassføring der det går anadrom laksefisk, gjeld følgjande fiskeregel:

I området som strekkjer seg 100 meter frå grensa elv-sjø (elvemunninga) og ut i sjøen (100-metersona), er alt fiske forbode. Unntatt er fiske med stong og handsnøre etter anadrome laksefisk frå land når vassdraget er opna for fiske etter den aktuelle arten av anadrome laksefisk i vassdraget. Fiske med stong og handsnøre etter saltvassfisk er tillate i 100-metersona når det er opna for fiske etter anadrom laksefisk i vassdraget.

Er det gjeve individuelle kvoter for det aktuelle vassdraget i forskrift gitt med heimel i lakse- og innlandsfisklova, gjeld desse òg for fiske etter anadrom laksefisk i 100-metersona.

§ 4. Munningsfredingssoner utanfor 100-metersona

Munningsfredingssonene i Vestland omfattar dei områda som er nemnde i vedlegget til denne forskrifta. Grensene går frå ytre grense for 100-metersona og til ei ytre grense i sjøen, og er merka med skilt (sjå **vedlegg 1**).

§ 5. Fiskereglar i munningsfredingssonene

I munningsfredingssonene er alt fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk forbode, med unntak av:

- a) Fiske etter anadrome laksefisk med stong og handsnøre frå land, is og båt som ligg i ro, frå og med 1. juni til og med 28. februar.
- b) Fiske etter saltvassfisk med stong og handsnøre frå land, is og båt i ro, heile året.
- c) Fiske med stong og handsnøre frå båt i rørsle (dorging) frå og med 1. oktober til og med 28. februar.
- d) Fiske etter saltvassfisk med not, snurrevad og trål, når reiskapen vert brukt i yrkesfiske av fiskarar som er oppførte i fiskarmanntalet og frå fartøy som er registrerte i merkeregisteret for norske fiskefartøy. Frå og med 1. januar til og med 14. oktober er slikt fiske ikkje tillate nærare grensa mellom elv og sjø (elvemunning) enn 500 meter.

Unntaket for fiske med not, snurrevad og trål gjeld likevel ikkje i munningsfredingssonene utanfor Daleelva i Vaksdal kommune og Vossovassdraget i Voss herad.

- e) Fiske etter saltvassfisk med garn, ruser, line og teiner, når heile fangstdelen til ein kvar tid står minst 5 meter under havoverflata. Nedsenkingspåbodet gjeld heile året og for alle maskestorleikar.

Unntaket for garnfiske gjeld ikkje i munningsfredingssona utanfor Daleelva i Vaksdal kommune.

I munningsfredingssona utanfor Vossovassdraget er garnfiske berre tillate i den delen av sona som ligg nedstraums hengjebraua mellom Kullshammar og Stamnesfeti (lokalisert ved koordinatane: 323506 6729964) i Nedre Bolstadstraumen. Heile fangstdelen skal senkast ned til 15. meters djupne frå og med 1. mai til og med 31. august, og ned til fem meters djupne resten av året. Nedsenkingspåbodet gjeld all maskevidder.

I Bolstadstraumen, i munningsfredingssona utanfor Vossovassdraget, er det likevel forbod mot alt fiske i området frå 40 meter nedstraums Straume bru til laksegilja oppstraums Straume bru, frå og med 15. mai til og med 30. september (resten av året gjeld dei reglane som er nemnde ovanfor). Sona er merka med skilt, sjå kart i **vedlegg 2**.

Heile reiskapen og båt som brukast til fiske må til ei kvar tid vere minst 100 meter frå grensa mellom elv og sjø (elvemunninga).

§ 6. Fiske utanfor kraftverksutløp

Det er tillate å fiske etter laksefisk og saltvassfisk ved kraftverksutløp frå og med 1. juni til og med 28. februar, med unntak av følgjande kraftverk der er alt fiske forbode:

- a) Ei sone på 100 meter i sjøen utanfor Kraftverk 5 i Høyangsfjorden i Høyanger kommune.
- b) Utanfor kraftverka Svelgen I og II i Svelgen, frå søre elvebreidd der Svelgselva møter fjorden (6854217 304550) og om lag 140 meter nord aust til eit knekkpunkt på kaia nord for stasjonskaia (6854343 304606) i Bremanger kommune.

§ 7. Nedsenking av garn utanfor munningsfredingssonene

Alle garn, uansett maskevidde, skal i perioden frå og med 1. mars til og med 30. september senkast slik at heile fangstdelen står minst 3 meter under havoverflata til ei kvar tid.

Påbodet gjeld ikkje for reiskap som under utøving av yrkesfiske er sett ut for å fange saltvassfisk, av fiskarar som er oppførte i fiskarmanntalet, frå fartøy som er registrerte i merkeregisteret for norske fartøy, jf. lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakarlova).

§ 8. Dispensasjon

Statsforvaltaren kan, etter søknad, i spesielle tilfelle dispensere frå reglane i denne forskrifta, om dette vert vurdert å ikkje ha nemneverdig negativ påverknad på stammer av laks og sjøaure.

§ 9. Stopp i fiske

Statsforvaltaren kan stogge fisket i munningsfredingssoner og 100-metersoner med augeblikkeleg verknad om det er naudsynt, for å sikre stammer av anadrome laksefisk mot risiko for overfiske.

§ 10. Handheving og straff

Brot på denne forskrifta handhevast og sanksjonerast etter lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. § § 47, 47 a, 48 a og 49.

§ 11. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samstundes vert forskrift 23. juni 1997 nr. 734 om fiske ved utlaup av vassdrag med anadrom laksefisk, Hordaland, forskrift 24. februar 2006 nr. 242 om utvida nedsenkingspåbod av garnreiskap i Hardangerfjorden og fjordane rundt Osterøy, Hordaland og kapittel 4 i forskrift 6. april 2018 nr. 539 om fiske i og utanfor vassdrag med anadrom laksefisk, Sogn og Fjordane oppheva.

Vedlegg 1. Munningsfredingssoner utanfor 100 metersona for vassdrag i Vestland fylke

Tabell 1. Avgrensinga til munningsfredingssonene i Vestland oppgjeve med soneforklaring av ytre grense av sona, og storleik i meter (målt frå 100-metersona til ytre grense av sona i sjøen).

| Kommune | Vassdrag | Soneforklaring (ytte grense av fredingssona) Koordinatfesting: UTM (ETRS 89), sone 32 | Storleik (ca. meter) |
|---------------|---|---|----------------------|
| Alver | Eikangervassdraget | Innanfor ei line som går i nordaustleg retning frå gbnr. 214/1-8 på vestsida av Eikangervåg til sørspissen av Grimsneset (frå 303032 6723498 til 303443 6723731). | 1150 |
| Alver | Storelva | Innanfor ei line som går frå Håneset tvers over Lindevågen forbi nordvestspissen av Vabøneset, over Vabøvågen og til Vabø (frå 295279 6740632 til 294747 6740128). | 900 |
| Aurland | Aurlandselvi | Innanfor ei line mellom Otnes og Neset (frå 400845 6753438 til 401793 6754714). | 1100 |
| Aurland | Flåmselvi | Innanfor ei line i nordvestleg retning frå Dorganeset til eit punkt på vestsida av fjorden (frå 399096 6749804 til 398272 6750142). | 1500 |
| Aurland | Nærøydalselvi | Innanfor ei line frå eit punkt på Hestaneset på vestsida av fjorden i sydaustleg retning til eit lite nes på austsida av fjorden (frå 383346 6752279 til 383805 6752018). | 1000 |
| Bergen | Storelva i Arna | Innanfor ei line som går i austleg retning på tvers av Arnavågen frå nordpynten av Holmen og derfrå kortaste avstand til eigedom gnr. 286/bnr. 5 (frå 305066 6705154 til 305219 6705160). | 1600 |
| Bergen | Vassdrag som renn ut i Sælenvatnet og Nordåsvatnet (Fellestone) | Heile Nordåsvatnet og Sælenvatnet ut til Straume bru (frå 293976 6692984 til 293982 6693031). | 2500 |
| Bjørnafjorden | Hopselva | Innanfor ei line som går i nordvestleg retning frå sørspissen av Nesodden til sørspissen av det nordlege neset i Klurasundet (frå 315319 6689597 til 315099 6689744). | 700 |
| Bjørnafjorden | Lønningdalselva | Innanfor ei line som går nordaustleg retning frå Bjørndalens utløp i vik nedanfor Rødsliane til Furuneset (frå 309902 6684627 til 310294 6685436). | 600 |
| Bjørnafjorden | Oselva | Innanfor ei line som går i nordaustleg retning frå eit punkt 300 meter sør for Ferstadneset, forbi austenden av Raudholmane, til Moldaneset (frå 303769 6674759 til 306155 6677533). | 2000 |

| Kommune | Vassdrag | Soneforklaring (ytre grense av fredingssona) Koordinatfesting: UTM (ETRS 89), sone 32 | Storleik (ca. meter) |
|--------------|---|--|----------------------|
| Bømlo | Åreidelva | Innanfor ei line som går tvers over Åreidbukta i vestleg retning frå eit nes omlag 280 meter frå elveosen på austsida til eit nes omlag 320 meter frå elveosen på vestsida av bukta (Frå 290296 6629129 til 290030 6629194). | 300 |
| Bømlo | Lyklingelva | Innanfor ei line frå Stanganeset til midt på Lyngholmen. (Frå 284921 6624449 til 284966 6624360). | 300 |
| Eidfjord | Eio | Innanfor ei line som går i nord-austleg retning over Hereidesjøen frå eit punkt på Rossanes 2 km i luftline frå elveosen, til Svartahola (frå 392184 6705874 til 395351 6706494). | 2000 |
| Eidfjord | Simadalselva | Innanfor ei line som på tvers over Simadalsfjorden i nordleg retning frå Kalvanes til Kjeanes (frå 396718 6707681 til 397016 6708086). | 1100 |
| Etne | Etneelva | Innanfor ei line som går på tvers av Etnefjorden i sørleg retning frå Fjøsaneset til Røynesnes (frå 326222 6618153 til 326154 6619026). | 1300 |
| Etne | Fjæraelva | Innanfor ei line som går på tvers av Åkrafjorden i nordvestleg retning frå spissen av Ømbesneset til nes midt mellom Raudnabb og Lindenes (frå 352565 6639825 til 352368 6640033). | 1100 |
| Etne | Vassdrag som renn ut i Vågen (fellessone) | Innanfor ei line som går på tvers av Vågen, frå Sanes til Lambanes (frå 325050 6615830 til 325181 6616204). | 1300 |
| Fitjar | Kjærelva | Innanfor ei line som går tvers over Hellandssjøen i nordvestleg retning frå sørenden av Brattaberget til sørspissen av Øskjeneset (292377 6643896 til 292200 6644031). | 2000 |
| Fitjar/Stord | Vassdrag som renn ut i Dåfjorden (fellessone) | Innanfor ei line som går i nordleg retning frå nordspissen av Storanaset til sørspissen av Fiskaneset (294500 6635395 til 294436 6636115). | 4500 |
| Fjaler | Flekkeelva | Innanfor ei line frå eit punkt på nes ved Grottehaugen på vestsida av fjorden i austleg retning til eit punkt på nes på austsida av fjorden (frå 303841 6804643 til 303997 6804669). | 2000 |
| Fjaler | Dalselva (Dale) | Innanfor ei line i nordaustleg retning frå eit lite nes aust for Bjerga til Nishammaren (frå 306477 6808702 til 307688 6809655). | 600 |
| Gloppen | Gloppenelva | Innanfor ei line mellom Arnestad og eit punkt på nes ved Austrheim (frå 350428 6851857 til 351864 6853180). | 1600 |

| Kommune | Vassdrag | Soneforklaring (ytre grense av fredingssona) Koordinatfesting: UTM (ETRS 89), sone 32 | Storleik (ca. meter) |
|------------|--|---|----------------------|
| Gloppen | Åelva/ Ommedalselva og Hopselva | Innanfor ei line i vestleg retning frå nes ved Liafjellet på austsida av Hyefjorden til vestre punkt av 250 m-grensa for Straumselva (frå 337558 6849164 til 337043 6849316). | 1000 |
| Høyanger | Daleelva | Innanfor ei line mellom Sæbøneset og utløp av elv frå Mjåtunga (frå 343040 6789800 til 341994 6790007). | 500 |
| Kinn | Osenelva | Innanfor utløpet av Osstrupen (frå 306149 6830252 til 306313 6830332). | 2500 |
| Kvam | Mundheimselva | Innanfor ei line som går tvers over Mundheimsvika i vestleg retning frå Sydnes til Storhammar (329248 6672933 til 328065 6673231). | 850 |
| Kvam | Steinsdalselva | Innanfor ei line som går i nordaustleg retning frå trekantpunkt ved Moldestad til Holmsund (frå 343466 6694787 til 343923 6695239). | 1550 |
| Kvam | Øysteseelva | Innanfor ei line frå Lundanes til vestre grense for eigedom 44/14 (frå 345899 6696969 til 346578 6697470) | 550 |
| Kvinnherad | Austrepollelva | Innanfor ei line som går tvers over Austrepollen i sørvestleg retning frå Solbuneset, vest for Rundesteinen, Flataskjeret og Klovsteinane og vidare til nes ved fornminne på sørsida av Austrepollen (frå 350346 6669049 til 350233 6668566). | 600 |
| Kvinnherad | Opsangervatnet | Innanfor ei line som går tvers over Opsangervågen i nordleg retning frå vestspissen av Opsangerneset til Nesjanaset (frå 315603 6636894 til 315677 6637369). | 1100 |
| Kvinnherad | Bondhuselva | Innanfor ei line som går i austleg retning frå nordspissen av Musskjerneset til nes aust for Sandvika (frå 347617 6667881 til 348698 6668044). | 250 |
| Kvinnherad | Felles sone for Hattebergselva, Melselva, Guddalselva og Omvikelva | Innanfor ei line som går frå nordspissen av Ytreholmen i Dimmelsvik til Tåneset mellom Nes og Neslia (frå 330913 6650656 til 331941 6654070). | 1200 |
| Kvinnherad | Uskedalselva | Innanfor ei line som går frå nordspissen av Flatholmen til Børnes (frå 324132 6648471 til 323218 6648141). | 900 |
| Kvinnherad | Æneselva | Innanfor ei line som går i nordaustleg retning frå nes ved svaberg nord for Stauraholo til vestsida av Ænestangen (frå 338914 6664955 til 339567 6665610). | 200 |


| Kommune | Vassdrag | Soneforklaring (ytre grense av fredingssona) Koordinatfesting: UTM (ETRS 89), sone 32 | Storleik (ca. meter) |
|------------|-----------------------------|---|----------------------|
| Kvinnherad | Øyresleva | Innanfor ei line som går tvers over Nordrepollen i nordvestleg retning frå nes nedanfor Jeskos til elveutløp på Flekkjeneset (frå 349388 6671750 til 348730 6672319). | 800 |
| Kvinnherad | Åkraelva | Innanfor ei line som går i austleg retning frå sørspissen av Larsnes til sørspissen av Vågsnes (frå 336811 6630573 til 337958 6630512). | 850 |
| Luster | Fortunselvi og Mørkridselvi | Innanfor ei line frå utløpet av Sagagrovi på vestsida av fjorden i søraustleg retning til eit punkt på austsida av fjorden (frå 423913 6817636 til 425030 6817151). | 1600 |
| Luster | Jostedøla | Innanfor ei line frå nordvestre tunnelmunninga ved Lammaskori til eit punkt ved Hotla (frå 408681 6807278 til 409567 6807856). | 500 |
| Lærdal | Lærdalselvi | Innanfor ei line frå punkt ved Flaskheller i nordleg retning over fjorden til punkt ved utløpet av elv frå Timmergjelet (frå 416504 6776410 til 416382 6775611). | 1500 |
| Masfjorden | Andvikelva | Innanfor ei line som går i nordaustleg retning frå nordlegaste nes ved Breimyr til Dalsstongi (frå 302376 6748164 til 302838 6748616). | 950 |
| Masfjorden | Frøysetelva | Heile Austevågen ut til bilbrua over Risnesstraumen (frå 293884 6751507 til 293949 6751507). | 2300 |
| Masfjorden | Haugsdalselva | Innanfor ei line som går i nordvestleg retning frå nordspissen av Kolviksneset til nordaustspissen av Kjølneset (frå 310996 6752373 til 310887 6752821). | 850 |
| Masfjorden | Hopevassdraget | Innanfor ei line som går tvers over Haugsværfjorden langs kraftlinene frå Vågset til Haugsvær (frå 311238 6757949 til 311426 6757737). | 750 |
| Masfjorden | Matreelva | Innanfor ei line som går tvers over Matrefjorden i nordvestleg retning frå nes på fastlandet 400 meter sørvest for Matreøya til Krabbestøneset (frå 313460 6753026 til 313295 6753596). | 1100 |
| Modalen | Modalselva | Innanfor ei line som går tvers over Mofjorden i nordvestleg retning av Moneset til elveutløp ved Grønhaug (frå 325309 6745947 til 324920 6746183). | 1000 |
| Osterøy | Loneelva | Innanfor ei grense som går i austleg retning frå nes ved Salbustallen, forbi nordspissen av Storholmen, til nordpynten av Svenevikklubben (frå 306909 6715553 til 307413 6715712). | 1500 |
| Samnanger | Tysseleva, Aldalselva og | Innanfor ei line som går på tvers av Samnangerfjorden i nordvestleg retning frå | 2000 |

| Kommune | Vassdrag | Soneforklaring (ytre grense av fredingssona) Koordinatfesting: UTM (ETRS 89), sone 32 | Storleik (ca. meter) |
|-----------|-------------------------|---|----------------------|
| | Ådlandselva, fellessone | nordspissen av Forøyna til Launeset (frå 320447 6697669 til 319261 6698463). | |
| Samnanger | Storelva mfl. | Innanfor ei line som går på tvers av Trengereidfjorden i vestleg retning frå nes på sørspissen av Øyahaugen til berg mellom Sundvika og Hytteneset (frå 315426 6696092 til 315058 6696127). | 1900 |
| Sogndal | Sogndalselvi | Innanfor ei line mellom ytste nes ved Stedje til eit punkt ved austre side av munninga av Barsnesfjorden (frå 398208 6788962 til 399008 6789996). | 700 |
| Sogndal | Storelva (Fjærland) | Innanfor ei line frå Sandaneset eit punkt nord for Moshammarteigen (frå 379574 6810272 til 380368 6810275). | 1100 |
| Sogndal | Vetlefjordelva | Innanfor ei line frå eit punkt ved Otteruri på vestsida av fjorden til eit punkt på austsida ved Grytenes (frå 368688 6797657 til 369452 6797692). | 1000 |
| Sogndal | Årøyelvi | Innanfor ei line frå eit punkt ved utløpet av Skoddøla på austsida av fjorden i nordvestleg retning til lite nes ved Sundhella (frå 401775 6792371 til 400770 6793074). | 1500 |
| Stad | Eidselva | Innanfor ei line i nordleg retning frå nes ved Nibba til punkt ytst på nes ved Eide på nordsida av Eidsfjorden (frå 340505 6866715 til 341306 6867968). | 1000 |
| Stad | Ervikelva | Innanfor ei line i nordaustleg retning frå eit punkt på nes ved Hovden til eit punkt på nes på austsida av Ervika (frå 296875 6898776 til 297642 6899180). | 500 |
| Stord | Frugardselva | Innanfor ei line som går i nordaustleg retning frå nordspissen av moloen ved Teinevikjo til Noteskjeret (frå 304059 6632031 til 304905 6632789). | 800 |
| Stryn | Loelva | Innanfor ei line frå nordsida av Tyvanes til eit lite nes vest for Hellevika på nordsida av Lobukta (frå 385409 6861315 til 385272 6862132). | 1200 |
| Stryn | Stryneelva | Innanfor ei line frå Skoganeset på austsida av Strynebukta til Hestodden på vestsida (frå 378639 6864115 til 379484 6863942). | 1600 |
| Stryn | Oldenelva | Innanfor ei line i austleg retning frå nordsida av kai ved Naustbakken til Flata (frå 384105 6859154 til 384928 6859223). | 1350 |

| Kommune | Vassdrag | Soneforklaring (ytre grense av fredingssona) Koordinatfesting: UTM (ETRS 89), sone 32 | Storleik (ca. meter) |
|--------------|----------------------------------|--|----------------------|
| Sunnfjord | Gaula | Innanfor ei line strekt frå nord til sør over munninga av Svædsundet (frå 320426 6809052 til 320446 6808914) | 2000 |
| Sunnfjord | Jølstra | Innanfor ei line frå nes ved Kyrkjeteigen på vestsida av fjorden i nordaustleg retning til punkt på austsida av fjorden (frå 329425 6819332 til 329909 6819564). | 2000 |
| Sunnfjord | Nausta | Innanfor ei line frå eit nes ved vegen mot Kringla til Strileverpet (frå 324206 6823336 til 325919 6823196). | 600 |
| Ullensvang | Jondalselva | Innanfor ei line som går tvers over Jondalsviki, frå nordsida av Sætveitneset til sørenden av Sjursvik (frå 347107 6685388 til 347649 6686091). | 700 |
| Ullensvang | Kinso | Innanfor ei line som går på tvers av Kinsarvikbukti i nordaustleg retning frå Krossanes til Kyrkjenes (frå 372647 6696756 til 373837 6697649). | 2000 |
| Ullensvang | Opo | Innanfor ei line som går tvers Sjørfjorden i vestleg retning frå Byrkjanes til sørspissen av Eitrheimsneset (frå 363689 6663187 til 363148 6663534). | 1500 |
| Ulvik | Austdøla og Norddøla, fellessone | Innanfor ei line som går tvers over Osafjorden i nordvestleg retning frå elveutløpet nedanfor Tellskreo til sørspissen av Ryggsnes (frå 391431 6717281 til 390893 6717673). | 1200 |
| Vaksdal | Daleelva | Innanfor ei line som går frå eit punkt på Stanghelle kai via austre pynten av Holmen og vidare i rett line til eit punkt ved Steinsvertet (frå 320739 6716930 til 320495 6717371). | 4000 |
| Vaksdal | Ekso | Innanfor ei line som går på tvers av Eidsfjorden i nordvestleg retning frå Litleviksneset til Långaskjeret (frå 324607 6735802 til 324300 6736087). | 1400 |
| Vik | Vikja | Innanfor ei line frå punkt ved Kyrelvi rett over fjorden til eit punkt på vestsida av fjorden (frå 370129 6775578 til 369274 6775559). | 600 |
| Voss | Granvinselva | Innanfor ei line som går tvers over Granvinsfjorden i nordvestleg retning frå Furenes til Flisaskår (374265 6711094 til 374002 6711646). | 750 |
| Voss/Vaksdal | Vossovassdraget | Innanfor ei line ved Stamnes som går i nordleg retning frå Kuvikneset til nes vest for Hårahedlo (frå 321887 6729395 til 321906 6729810). | Ca. 14000 |

| Kommune | Vassdrag | Soneforklaring (ytre grense av fredingssona) Koordinatfesting: UTM (ETRS 89), sone 32 | Storleik (ca. meter) |
|----------|-----------------|--|----------------------|
| Øygarden | Fjellvassdraget | Innanfor ei line frå midten av Mjåneset og tvers over Mjåsundet (frå 282573 6692658 til 282515 6692701). | 730 |
| Årdal | Hæreid/Utla | Innanfor ei line mellom Raudnobby til et nes ved Kloppurdi (frå 429386 6789389 til 430461 6788533). | 750 |

Vedlegg 2. Grense for fiskeforbod i Øvre Bolstadstraumen



Figur 1. Kart som visar grense for fiskeforbod i øvre del av Bolstadstraumen utanfor Vossovassdraget. I området frå 40 meter nedstraums Straume bru til laksegilja oppstraums Straume bru, er alt fiske forbode frå og med 15. mai til og med 30. september (jf. andre ledd i § 5).